



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kontrollutvalet	
029/25	Ungdomsrådet	12.05.2025
023/25	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	13.05.2025
021/25	Eldrerådet	13.05.2025
033/25	Utvalet for næring og miljø	14.05.2025
035/25	Utvalet for oppvekst og kultur	14.05.2025
023/25	Utvalet for helse og omsorg	15.05.2025
093/25	Formannskapet	15.05.2025
043/25	Kommunestyret	27.05.2025

Årsrekneskap og årsmelding 2024 for Sunnfjord kommune

Vedtak i Kommunestyret 27.05.2025:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Innstilling frå Formannskapet 15.05.2025:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Bakgrunn for saka

I samsvar med kommunelova § 14-6 og 14-7 er det utarbeidd årsrekneskap og årsmelding 2024 for Sunnfjord kommune. Kommunestyret skal etter kommunelova vedta rekneskapen og ta stilling til disponering av resultat.

Saksutgreiing

[Årsrekneskap og notar 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune gjer greie for den økonomiske drifta av kommunen i 2024.

Sunnfjord kommune er i ein alvorleg økonomisk situasjon med eit netto driftsresultat på minus 135 mill. kroner eller -5,5 % av driftsinntektene for 2024, noko som medfører at frie fondsmidlar vert oppbrukte. Resultatet er 164,3 mill. kroner lågare enn rekneskap 2023 og 125,8 mill. kroner dårlegare enn revidert budsjett for 2024. Driftsrekneskapen viste eit meirforbruk før årsavslutningsdisposisjonar på 132 mill. kroner når bruk/avsetjing til ubunde fond og overføring til investering er bokført i tråd med budsjett etter økonomiforskrifta §4-1. I tråd med forskrifta § 4-2 a skal ein stryke overføring av frie driftsmidlar til investering når

driftsrekneskapen har eit meirforbruk, dette utgjer 14,7 mill. kroner. Meirforbruk etter stryking på 118,2 mill. kroner vert finansiert med bruk av disposisjonsfond etter forskrifta § 4-2, 2. ledd slik at rekneskapen etter årsavslutningsdisposisjonar er i balanse.

Investeringsrekneskap 2024 viser samla utgifter på 406 mill. kroner mot 453 mill. kroner i 2023. Det er ein nedgang på 47 mill. kroner frå rekneskap 2023. Det er eit etterslep på gjennomføring av investeringar då samla budsjetterte utgifter er 590 mill. kroner, men etterslepet er redusert gjennom høgare aktivitet i 2024 enn opphavleg budsjett. Alle investeringsutgifter i 2024 er finansiert. Det vert lagt fram eiga sak for finansiering av enkeltprosjekt med meirforbruk.

Sunnfjord kommune sin likvide situasjon er stram. Det er nytta kassakreditt for å betale løpande utgifter i januar og desember 2024. Gjennomsnittleg driftslikviditet er 65 mill. kroner lågare i 2024 samanlikna med 2023.

Revisjonsmeldinga frå uavhengig revisor Vestland revisjon konkluderer med at kommunen sin årsrekneskap oppfyller gjeldande lovkrav, og i det alt vesentlege gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa pr. 31. desember 2024, og at resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen og årsmelding i møte 23. april. Uttale frå kontrollutvalet: Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner rekneskap og årsmelding.

Vurdering

I budsjettrapport per oktober vart det rapportert eit anslag på meirforbruk i driftsrekneskapen i Sunnfjord kommune på 70 mill. kroner. Årsrekneskapen for 2024 viser eit meirforbruk i sektorane på 91 mill. kroner. Omsorg har størst meirforbruk med 47,8 mill. kroner. Helse og sosial har eit meirforbruk på 13 mill. kroner. Skule inkl PPT har eit meirforbruk på 5,2 mill. kroner. Teknisk og miljø har eit meirforbruk på 3,6 mill. kroner. I tillegg er skatteinntektene 20 mill. kroner lågare enn budsjettert, motteke integreringstilskot/særskilt tilskot til flyktningar 11 mill. kroner lågare enn budsjettert og netto finanskostnad 11,5 mill. kroner høgare enn budsjettert. Det er stryking av overføring til investering på 14,7 mill. kroner og bruk av disposisjonsfond på 118,2 mill. kroner som finansierer meirforbruket.

Etter førebelse Kostra-tal for 2024 fekk kommunen som konsern (kommunekasse + interkommunale selskap) eit netto driftsresultat på minus 138,3 mill. kroner, som utgjer minus 5,3 prosent av driftsinntektene. Disposisjonsfondet er ved utgangen av 2024 på 56,2 mill. kroner, og utgjer 2,2 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet (utan Oslo) er 11,6 prosent. Brutto langsiktig gjeld i prosent av driftsinntekter er på 112,5 prosent, mot landet 114 prosent, og netto renteeksponering er 79,4 mot landet 53,7 prosent.

Statsforvaltaren har i skriv til Sunnfjord kommune datert 01.04.2025 oppsummert:

Målt og vurdert ut frå resultat på sentrale økonomiske indikatorar og etter ei gradering på god, middels eller svak, er den økonomisk handleevna til Sunnfjord kommune no vurdert som svak.

Kommunen hadde eit stort meirforbruk i fjor. Det vil derfor vere eit etterslep i driftsnivået inn i dette året, samstundes som disposisjonsfondet er vesentleg redusert. Mykje av omstillingsarbeidet som er sett i gang tek tid og er krevjande. Dette er likevel nødvendig for å tilpasse noverande og framtidig drift til dei økonomiske rammene som kommunen får tildelt. For å styrkje handleevna er det vesentleg at ein får effekt av tiltaka som vert sett i gang, både for å betre likviditeten, men og for å unngå innmelding i Robek.

Førde, den 05.05.2025

Terje Heggheim kommunedirektør	Lise Mari Haugen ass. kommunedirektør
-----------------------------------	--

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 27.05.2025:

Lise Mari Haugen, ass. kommunedirektør, innleia med ei orientering om årsrekneskap, årsmelding og årsrapport for 2024,

Avstemming:

Formannskapet si innstilling vart **einstemmig vedteke**

KST-043/25 Vedtak:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Formannskapet 15.05.2025:

Lise Mari Haugen, ass. kommunedirektør, innleia med ei orientering om årsrekneskap, årsmelding og årsrapport for 2024.

Avstemming:

Kommundirektøren si tilråding vart **einstemmig tilrådd**

FORM-093/25 Vedtak:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Utvalet for helse og omsorg 15.05.2025:

Kommunalsjef omsorg Kirstin Bruland og kommunalsjef helse og sosial Kurt Even Andersen møtte, orienterte og svara på spørsmål.

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart **einstemmig vedteke**.

UHO-023/25 Vedtak:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 14.05.2025:

Ass. kommunedirektør, Lise Mari Haugen, innleia med ei overordna orientering. Deretter orienterte kommunalsjef kultur og idrett og kommunalsjef teknisk og miljø om sine sektorar.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UNM-033/25 Vedtak:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Utvalet for oppvekst og kultur 14.05.2025:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UOK-035/25 Vedtak:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Eldrerådet 13.05.2025:

Ass.kommunedirektør Lise Mari Haugen møtte, orienterte og svara på spørsmål.

Avrøysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart **einstemmig tilrådd**.

ELDR-021/25 Vedtak:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

**Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
13.05.2025:****Avstemming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

RMNF-023/25 Vedtak:

[Årsrekneskap 2024](#) og [Årsmelding 2024](#) for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Ungdomsrådet 12.05.2025:**Framlegg til uttale , fremja av Andreas Borkamo ():**

Ungdomsrådet synst det er uheldig at vi må gjere innsparingar, og omstille ressursar frå barn og unge til eldre. Det er likevel viktig at kommunestyret hugsar å prioritere barn og unge som er framtida til kommunen.

Lise Mari Haugen, ass. kommunedirektør, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Møteleiaren sitt forslag vart **einstemmig godkjent**

UR-029/25 Vedtak:

Ungdomsrådet synst det er uheldig at vi må gjere innsparingar, og omstille ressursar frå barn og unge til eldre. Det er likevel viktig at kommunestyret hugsar å prioritere barn og unge som er framtida til kommunen.

Vedlegg i saka:

Rekneskap årsmelding og årsrapport 2024 - presentasjon kommunestyre 27.05.2025
Tilsynskalender 2024 Sunnfjord kommune